

KONTAKTBLAD FOR
Nr.10 Mai 1993 4.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG

NY KASSETTOPPTAKAR ER INNKJØPT AV HISTORIELAGET


Det skulle vere kjent for dei fleste nå at HHL på bygdekvalden i samband med årsmøtet blei overrekt heile 20.000 kroner frå Tilla og Oles legat. Vi hadde søkt om pengar til ein kassettopptakar med mikrofon, og denne er nå innkjøpt. Nå håpar vi bare at denne vil bli bruka. Eit par av medlemmene har alt meld si interesse for innsamling av historie på band.

Elles er opptakaren prøvd ut og bruksanvisningen er grundig gjennomgått. Dette er ein maskin av betre kvalitet enn dei vanlege stereo-kassettradioane som har blitt brukt til opptak før. Lydkvaliteten er minst like god som dei større stasjonære

kassettspelearane som er vanlege i stereoanlegg. Dess-utan vil ein her alltid bruke mikrofon utanom opptakaren. Da unngår ein at motorlyd forplantar seg til opptaket.

Elles er maskinen laga spesielt til "reportasjebruk" og er derfor svært praktisk i bruk. Vi kan f.eks. nemne eit teljeverk som er slik inretta at om du nullstiller midt i ein kassett og startar opptaket der, så vil bandet stoppe

på null ved tilbake-spuling. Ein kan ta opp med ein eller to mikrofonar i stereo eller mono.



Merket er Marantz, og opptakaren er sjølv sagt fabrikkert i Japan.

DESKTOP PUBLISHING

Dette engelske uttrykket kan vi oversetje med "produksjon av trykksaker frå eige skrivebord." Det er rett og slett faguttrykket for å komponere brosjyrer, plakatar, bøker og blad på ein dataskjerm. I motsetjing til tekstbehandling som først og fremst går ut på skriving og effektiv behandling av skreven tekst, vil eit DTP-program ta seg mykje meir av utsjånaden til trykksaken. Ein har eit stort utvalg av bokstavtypar og størrelsar, ei mengd med rammetypar og illustrasjonar. Alt dette kan så setjast saman på forholdsvis enkel måte, ved at alt blir plassert i "blokker" som kan forstørrast, forminskast og flyttast rundt på sidene. Som ein nok vil sjå, er dette nummeret prega av meir variert utsjånad en dei tidlegare. Det kjem seg av at dei tidlegare nummera er laga ved hjelp av eit tekstbehandlingsprogram, medan vi frå og med idag bruker eit pro-

gram for Desktop-publishing. Produksjonen av kontaktbladet har dermed ikkje minst blitt mykje lettare



og oversiktleg.

Programmet er innkjøpt av historielaget, men sidan laget ikkje har eigen datamaskin, har vi lagt programmet i ein maskin på Hjordal b/u-skule. Dermed får skulen også nytte programmet.

Dette er ei grei ordning, da vi får bruke skulens datamaskinar til ein del arbeid for historielaget.

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 12.3.1993

MØTELEIAR: Torkel Hytta
(Innkalling var sendt alle medlemmer i form av Kontaktblad nr.9.)

7/1993 ÅRSMELDING:
Godkjent

8/1993 REGNSKAP:
Regnskapet blei godkjent. Revidert av Helge Granlund

9/1993 VALG:
Valgkomitèens forslag blei vedatt ved akklamasjon:

Styre:

Torkel Hytta (Formann)
Jon Bøen (På valg neste år)
Leif Skoje (Gjenvalgt)
Hans Skeie (På valg neste år)
Ivar T.Dahl (Gjenvalgt)
Astrid Nirisrud Våle (Gjenvalgt)

Vara: Astrid Espelid

Vara : Anne Tone Larsen

Valgkomite:

Aslaug Hytta (Formann)
Ola H. Særslund
(Tredje medlem skal dei to andre i valgkomiteen skaffe sjølv)

Revisor: Styret vil be Helge Granlund om å fortsette

Endeleg konstituering blir gjort på 1.styremøte. Formannen er valgt av årsmøtet.

10/1993 EVENTUELT

Kultursoga

Spørsmålet om å setje igang arbeidet med ei kultursoge for Hjartdalsbygdene var framme igjen. Det blei vedtatt å sende kommunen kopi av brevet frå årsmøtet 1992, da det ikkje er motteke svar på dette.

11/1993 HISTORIEKVELD FOR ALLE INTERESSERTE

Kvelden var planlagt på styremøtet 19.1.1993, og på eit eige planleggingsmøte 9.3.1993 heime hos formannen. (Tilstades Anne Tone Hytta, Aslaug Hytta, Torkel Hytta, Ivar T.Dahl og Leif Skoje.)

Kvelden gjekk etter programmet: Nils Chr.Nilsen tok for seg ein del punkt frå historia omkring 1500-talet, med særleg vekt på kjeldetilfanget.

Anne Hytta spela "Springar etter Svein Løndal", "Anton", "Fenta" og "Brynjulv Olsson".

Svein Grue Carlsen viste ein del lysbilde, tekne av dottera Rine. Han knytte desse til historia med eigne kommentarar.

Sekretæren hadde ordet og sa litt om aktiviteten til laget, dessutan blei det servert kaffe og kaker. Og eit par allsangar blei sungne. ("Mellom bakkar og berg" og "Når som Noreg i sylvkåpa glimar")

Mot slutten tok Solveig Stuverud ordet

på vegne av "Tilla og Oles legat", og ho kunne dele ut heile 20.000 kroner til Hjartdal Historielag.

Resten av legatet blei også utdelt denne kvelden, da Anne Hytta fekk 10.000 kroner til sitt arbeid med hardingfelespel.

Programleiar var Ivar T.Dahl, som batt

det heile saman med ein del artige småhistoriar.

Torkel Hytta (Formann)
Leif Skoje (Sekretær)

TAKK TIL TILLA OG OLE !

Det var ei stor og gledeleg oppleving da Solveig Stuverud kunne overrekke laget 20.000 kroner frå Tilla og Oles legat. Vi vil gjerne sjå dette som eit signal om at arbeidet med historielaget interesserer folk og blir sett pris på i bygdene. Pengane skal komme historieinteressa i bygdene til nytte. Det kan vi love.

Vi har altså kjøpt inn opptaksutstyret som vi eigentleg søkte om. Og vi har kjøpt inn dataprogrammet til å produsere kontaktbladet på (Sjå side 1 og 2 i dette bladet). Likevel har vi meir enn halve beløpet trygt plassert i Hjartdal Sparebank. Der vil det bli ståande til styret har vurdert bruken nøye.

REFERAT FRÅ STYREMØTE 13.4.1993

TILSTADES:

Ivar T.Dahl, Astrid Nirisrud Våle, Hans Skeie, Leif Skoje, Jon O. Bøen, Torkel Hytta.

MØTELEIAR: Torkel Hytta

12/1993

REFERAT OG MELDINGAR:

a) Skrifter frå Karin Aas (etter Halvor Johannesen Uvaas) er kopiert.

Førebels er dei hos lokalhistorikaren Alf Mostue på Notodden til gjennomsyn.

b) Vanleg søknad om kulturmidlar skal sendast kommunen.

c) Nasjonalbiblioteket i Rana har svart på spørsmål frå HHL at dei skal ha tilsendt to eksemplar av Kontaktbladet for HHL.

d) Innkome til samlinga:

Frå Bjarne Kleivane: To lydassetar med optak av friluftsgudstenester mv.

"Sabotøravisa" frå Industriarbeidermuseet. i samband med tungtvannssabotasjens 50-årsjubileum

Frå Ivar Dahl: Kopiar av aksjonslister frå Tuddal i 1913.

13/1993

KONSTITUERING AV NYTT STYRE

Ingen forandringar blei gjort i styret.

14/1993

MARANTZ CP-230 kassettoptakar blei prøva. Den ser ut til å fungere bra. Mikrofon frå samme brosjyre skal kjøpast inn.

15/1993

EVENTUELT

a) Formannen skal formulere brev til "Tilla og Oles legat" med takk for stønad og planar for bruk av pengane.

b) Sekretæren skal undersøke omkring EDB-programmet MS-Publisher. Dette skal eventuelt kjøpast inn og leggest på Hjartdal b/u-skules datamaskin(ar) slik at kontaktbladet heretter kan lagast ved hjelp av dette programmet. Skulen får dermed tilgang på programmet til gjengjeld for at HHL har nytta og nyttar skulens datamaskinar ein god del.

c) Sekretæren skal undersøke prisar på hengemappeskap, og vurdere om dette er ein praktisk oppbevaringsmåte for alt av hefte og lausblad i HHL-samlinga.

Torkel Hytta (Formann)
Leif Skoje (Sekretær)

"...FOR AT FINDE EN BLIDERE SKJEBNE"

Denne boka av Anne Haugen Wagn og Leif Skoje handlar om den store utvandringa frå Hjartdalsbygdene til USA i åra frå 1839.

Historielaget har overtatt eit restlager og tilbyr nå bøkene for bare 30,- kr pr stk til medlemmer av laget !

Kontakt Torkel Hytta

Tlf.: 35023150

ER DU INTERESSERT I ELDRE HJARTDALSKALENDARAR ?

Vi har samla opp ein del restar av lagra av tidlegare utgjevne Hjartdalskalendrar. Vi har ein god del av 1993-utgåva og eit utval av enkelte av dei tidlegare.

Vi samarbeider nå med Hjartdal mållag om å få dei ut til dei som måtte vere interesserte. Prisen er nå symbolsk - 10,- kr pr.stk. Sjøl om kalendrane er uaktuelle er dei historiske fotografia tidlaus.

Nytt høvet til å skaffe deg desse "samleobjekta !"

Ta kontakt med Torkel Hytta Telefon 35023150



UT I NATUREN MED HISTORIELAGET!

Søndag 20 juni er vi klare for den etterkvart nesten årlege historiske rusleturen langs dei gamle Tuddalsvegane. Kjem du med bil kan du parkere på Øvstebø i Sauland. Derifrå går vi ca kl 12.00.

Ruta er som vanleg 3-4 km oppover den gamle vegen forbi Maurebrekke og Bekkhus til Kringleberghaugen (eller lenger om vi orkar). Derifrå går vi nedatt langs den eldste

Tuddalsvegen.

Nærmare orientering om ruta og historien i dette området finn du i kontaktblad nr 4. Dette bladet har vi trykt oppatt, slik at nye deltakarrar kan få eit eksemplar på turen. Ta gjerne med kaffe og niste. Vi skal ta oss god tid, og dei som vil kan gjerne gå ei kortare tur. dette skulle passe bra for folk i alle aldrar og for heile familien.

**HAR DU STOFF TIL KONTAKTBLADET?
KONTAKT SEKRETERAREN TELF. 35023011**

STYRET I HHL 1993

Formann: Torkel Hytta
Nestformann: Jon O.Bøen
Sekretær: Leif Skoje
Kasserar: Hans Skeie
Styremedlem: Astrid Nirisrud
Våle
Styremedlem: Ivar T.Dahl
Vara: Astrid Espelid
Vara: Anne Tone
Hytta Larsen

